

# MUSEA I SOGN OG FJORDANE

---

## PROTOKOLL FRA RÅDSMØTET I STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Stad: Sogn og Fjordane Kunstmuseum - Førde  
Dato: Onsdag 7.juni 2019  
Tid: 09:30 – 11:00  
Deltakarar: Sjå vedlagte liste over rådsmedlemmar med fleire

Rådsmøte starta med opprop og framlegging av fullmakter.  
Rådsordførar Jenny Ellaug Følling ønskte deretter møtedeltakarane velkomne.

### SAK 1/2019 Godkjenning av innkalling

**Vedtak:**

Innkalling vert godkjent med kommentarar og innspel frå rådsmøtet.  
*Samrøystes*

### SAK 2/2019 Godkjenning av saklista

**Vedtak:**

Saklista vert godkjent med kommentarar og innspel frå rådsmøtet.  
*Samrøystes*

### SAK 3/2019 Konstituering:

**Val av møteleiar:**

Rådsleiar Jenny Ella og Følling vart vald.

**Val av sekretær:**

Kjartan Aa Berge vart vald.

**Val av to personar til å skrive under møteboka:**

Leidulf Gloppestad og Oddmund Klakegg vart vald.

### SAK 4/2019 Godkjenning av årsmelding 2018

**Vedtak:**

Framlagt årsmelding for 2018 vert tatt til vitande med kommentarar og innspel frå rådsmøtet  
*Samrøystes*

# MUSEA I SOGN OG FJORDANE

---

## SAK 5/2019 Godkjenning av rekneskap 2018

### **Vedtak:**

Framlagt rekneskap for 2018 og revisjonsmelding vert tatt til vitande med kommentarar og innspel frå rådsmøtet.

*Samrøystes*

## SAK 6/2019 Budsjett 2019

### **Vedtak:**

Framlagt budsjett for 2019 vert tatt til vitande.

*Samrøystes*

## SAK 7/2019 Godtgjering til styret

I flg. § 7 i vedtektene for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane skal rådet fastsette godtgjering til styret i stiftinga.

Valkomiteen legg fram følgjande samrøystes tilråding:

### **1) Modell**

#### **Styreleiar**

*Fast årleg godtgjering omfattar førebuing til, gjennomføring og oppfølging av styremøter, deltaking i andre møter, konferansar m.m. på vegne av eller som gjeld Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Summen vert fastsett til 60 % av godtgjering til leiar i hovudval i Sogn og Fjordane fylkeskommune..*

*Fast sum til dekking av utgifter til telefoni/breiband.*

#### **Styremedlemmer**

*Møtegodtgjering pr. møte. Tapte arbeidsforteneste. Vederlag for utgifter.*

#### **Styreleiar/styremedlemmer:**

*Statens satsar vert lagt til grunn for godtgjering av reiser og diett.*

### **2) Satsar pr. 01.01.2019:**

<i>Fast godtgjering til styreleiar (60% av leiar hovudutval SFJ)</i>	kr. 119.340,-
<i>Dekking av telefon/breiband (styreleiar)</i>	kr. 5.490,-
<i>Godtgjering pr. møte til styremedlemmer</i>	kr. 970,-
<i>Tapte arbeidsforteneste: Legitimert tap inntil:</i>	kr. 3.440,-
<i>Ulegitimert tap inntil:</i>	kr. 1.830,-
<i>Vederlag for påførte legitimerede utgifter inntil:</i>	kr. 2.650,-
<i>Vederlag for påførte ulegitimerte utgifter inntil</i>	kr. 1.440,-

### **3) Regulering kvart år pr. 1. januar**

*Regulering av godtgjering og vederlag i tråd med årslønsveksten i det fylkeskommunale tariffområdet, og vert betalt etterskotsvis med verknad pr. 1. januar inneverande år.*

# MUSEA I SOGN OG FJORDANE

---

**Vedtak:**

Framlagt forslag frå valnemnda om godtgjering til stiftingsstyret vert samrøystes vedtatt med kommentarar og innspel frå rådsmøtet.

*Samrøystes*

**SAK 8/2019 Val etter vedtektene**

**Val av medlemmer til stiftingsstyret**

**Vedtak:**

Hanne B. Oftedal vert valt som styremedlem. Anders Ryssdal vert valt som personleg varamedlem for Oftedal.

*Samrøystes*

**Val av valnemnd**

**Vedtak:**

Bjørn-Harald Haugsvær vert vald som ny medlem i valnemnda med funksjonstid på tre år. Såleis er valnemnda sett saman slik:

Heidi-Kathrin Osland: valt til 30.april 2020

Grete Berntzen: valt til 30.april 2021

Bjørn-Harald Haugsvær: valt til 30.april 2022

*Samrøystes*

Førde, 7.juni 2019

  
Leidulf Gloppestad

  
Oddmund Klakegg